

Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1077 - 19/13061

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
25.04.2019

Svar - Vurdering / uttale om ny avkjørsle - gbnr. 188/48 og 188/381 Gjervik ytre

Saka gjeld vurdering/uttale om ny avkjørsle for gbnr. 188/48 og 188/381 til kommunal veg.

Saksutgreiing:

I samband med påbygg til bustadhus i Knarvik er det bede om uttale i forkant av søknad om ny avkøyrsla. Det ligg føre ein godkjent, men gammal reguleringsplan, 568860, frå 1995. Denne syner at det er regulert gangveg på eit kort strekk i området der avkøyrsla vil komme.

Vurdering:

I spørsmålet om kor gangvegen startar, er dette dårlig dokumentert. Planen er ikkje i målestokk og den er ikkje digitalisert. Konklusjonen til vegavdelinga vert difor at gangvegen startar der skiltet om gangveg er plassert. Vedlegg 1 syner kor skiltet er plassert.

Avkøyrsla vert difor liggjande akkurat i grensa for kor gangvegen startar.

I spørsmålet kring svingradius mot gangveg, kan denne tilpassast terrenget så lenge det ikkje fører til at sikta vert hindra. Om radiusen i retning gangvegen er 3,5 eller 4 m spelar liten rolle så lenge det er fri sikt mot gangveg.

Uttale:

kommune ved vegavdelinga vurderer det til at avkøyringsløyve slik situasjonsplan viser, kan bli gitt. Eit slikt løyve vil ved søknad bli gitt med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Vilkår som i dette tilfellet vil bli sett utover vilkåra i veglova:

- Det aller viktigaste er sikt mot gangveg!
Det skal til ei kva tid vere fri sikt mot gangvegen. Det må ikkje plasserast hindringar i siktsona. Det vil sei at all naturleg vegetasjon og evt. berg/fjell må fjernast og stein, gjerde, murar eller liknande skal ikkje setjast opp innanfor siktsona til avkøyrsla.
- Dagens etablerte avkøyrsla må stengast fysisk når ny avkøyrsla er etablert.



Stenginga skal dokumenterast ved å sende inn bilete og godkjennast av Lindås kommune, vegavdelinga.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - GBNR 188 48

Kopi til:

Rune Kilen

Mottakarar:

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG